



Alexander Kjæseth  
Skarsvegen 11 A  
5911 ALVERSUND

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 19/660 - 19/7267

Saksbehandlar:  
Ingrid Bjørge Pedersen  
Ingrid.Bjorge.Pedersen@lindas.kommune.no

Dato:  
01.03.2019

## Førebels svar med trong for tilleggsdokumentasjon - gbnr 137/558 Alver

Tiltak: bruksendring  
Byggjestad: Gbnr: 137/558  
Tiltakshavar: Alexander Kjæseth

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 28.02.2019.

### Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Søknad om bruksendring er ikkje nabovarsla. I nokre tilfelle kan ein fritta frå nabovarsel, men for at vi skal kunne vurdera dette må vi ha inn ei utgreiing for kvifor tiltaket ikkje treng nabovarel.
2. Det går fram av innsendte teikningar at deler av vegg som skiljar leilegheit i frå hovuddel skal opnast opp, og det kan sjå ut som at dette er bærande konstruksjon. Vi gjer merksam på at dette vil vere tiltak som er ansvarsbelagt. For at vi skal kunne handsame den delen av søknaden må det sendast inn søknad om ansvarsrett og teikningar som syner kva arbeid som skal utførast på denne veggen.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **29.03.2019**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

### Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.



**Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Ingrid Bjørge Pedersen  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Alexander Kjæseth

Skarsvegen 11 A 5911

ALVERSUND